



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200900914	11.06.2013	49838/2013/S11	Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90	26.09.2013

## Fræna kommune - bygging av Malme og Røshol kraftverk - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknad

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Generelt

Til konsesjonssøknaden er det utarbeidd ein grundig miljørapport, med ei fyldig verdi- og konsekvensvurdering for aktuelle tema. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å stille spørsmål ved konklusjonane i rapporten, men vil peike på at det er noko misvisande med konklusjonen "ubetydelig konsekvens" for tema kulturminne, når det er kjent kulturminne frå nyare tid i nærområdet til utbyggingsområdet, jf. merknader under.

### Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016

Fylkesplanen har som eit av resultatmåla innanfor satsingsområde verdiskaping: "Verdiskaping frå landbruk, fornybar energi og sjømat skal aukast". Fylkeskommunen er ein pådrivar for dette gjennom seksjonen *Energiregion Møre*. Eit av måla for seksjonen er å "sikre forsyning av elektrisk energi gjennom auka lokal produksjon og betre infrastruktur". Utbygging av Malme og Røshol kraftverk kan gi eit bidrag til å nå desse måla. Utbygging må også vurderast opp mot mål i fylkesplanen om ei areal- og naturressursforvaltning som samstundes tek vare på miljø og artsmangfald.

### Automatisk freda kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i planområdet og vi vurderer det som lite sannsynleg at slike er å finne. Det bør likevel vere eit vilkår for ein eventuell konsesjon at ein er varsam under opparbeidinga, og at det blir gitt melding til kulturavdelinga i fylkeskommunen dersom det blir oppdaga ting som kan vere av arkeologisk interesse. Dette jf. § 8 i kulturminnelova.

### Kulturminne frå nyare tid

I miljørapporten blir det gjort greie for nokre kulturminne frå nyare tid. Desse er så langt vi kan sjå ikkje blitt kartfesta. Dette burde ha vore gjort slik at det var mogleg å vurdere konsekvensane av ei eventuell utbygging. Vi gjer også merksam på at det er registrert meir enn ein bunkers i området. Her er også "løpeganger" og plassar der det truleg har vore skytestillingar. Vi er nokre usikre på den nøyaktige plasseringa i forhold til utbygginga, men trur at dei ikkje ligg i direkte konflikt med anlegget. Vi føreset at desse eldre spora, inkludert restane av den gamle brua, blir teke vare på og ikkje øydelagt ved utbygging etter eit av dei to vurderte alternativa. Det er også viktig at det er ein god avstand mellom anleggsinngrep og kulturminna.

### **Friluftsliv**

Utbygginga omfattar ei kortare elvestrekning, og vil etter det vi kan sjå ikkje verke negativt inn på allmenn ferdsle, når det gjeld tilgjenge til området. Vi kjenner ikkje til bruk av sjølve utbyggingsområdet i regional friluftslivsamanheng, men i sør er området frå fv. 64 opp mot Gangskaret i aukande grad brukt av eit regionalt turpublikum. Vi har ikkje merknader til vurderinga "liten negativ konsekvens" for friluftslivet.

### **Konklusjon**

Fylkeskommunen viser til merknader over og ber om at dei vert tekne omsyn til i vurderinga av konsesjonssøknaden.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Røystrand  
rådgivar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

### Fagsaksbehandlar

Kulturminne: fylkeskonservator Bjørn Ringstad, tlf. 71 25 88 41

Kopi:

Fræna kommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal